

NOREGS UNGDOMSLAG
VESTLANDSSAMSKIPNAD

TELEFON ~~XXXX~~ 17507

STRANDGATEN 77

BERGEN, den 6. november 1942

BB/AE

Herr Einar Myklebust,
sistverande formann i "Uskedalen Ungdomslag,
Uskedalen.

Me hev teke mot Dykkar skriv av 27/10-42, og merka oss innhaldet.

Me skynar at styret i Uskedalen Ungdomslag ikkje er på det reine med stoda i dag, etter som det går fram øy Dykkar skriv. Etter forordningi om nyskipinga innan Noregs Ungdomslag, kan ikkje noko lag liggja nede utan etter løyve frå oss.

Dette er lov i dag, og ein skal merka seg at lov-ene i Noregs Ungdomslag i dag gjeld som andre lover i landet, og brot på desse, vert å handsama som brot på andre lover, og dreg med seg same strafferettslege fylgjor. Ikkje noko ungdomslag kan i dag eksistera utan å stå i Noregs Ungdomslag, (kristelege lag ikkje medrekne) dei kjen innunder oss, same kva "dekknamn" dei enn måtte skjula seg under. Det styret i eit lag som set seg mot våre lover, ved antan å nekta halda fram, eller nektar å gjera sitt beste for å få laget i gong at, dei gjer brot mot lovene og må soleis og taka dei fylgjor som dette dreg med seg. Noregs Ungdomslag øvverttek då mot eller med styret sin vilje all eiga etter laget, samt vert sistverande styre frå oss påtala for lovbrott gjennom påtalemakta.

Kor ålvorlege fylgjor dette vil få i desse, trur me nokon kvar skynar. Det er dessutan ikkje nokon som har noko å klaga yver. Det er ikkje gjort noko politikk inngrep i ungdomslagi. Alt som heiter politikk er bannlyst frå Noregs Ungdomslag i dag. I laget hev ein same rett i alt arbeid, utan omsyn til politisk standpunkt. Ikkje nokon kan driva politisk verksemd i laget. Dette gjeld for NS folk som andre. Brot mot dess påbod, vert å påtala til oss, og vil få sine ålvorlege fylgjor.

Noregs Ungdomslag står framleies heilt fritt frå NS som parti. NS kan ikkje gripe inn i arbeidet, utan at det påviselig kan prikast på at laget dreiv utanim dei oppsette lover. Dei må og påtala dette gjennom oss, og ikkje gjennom einskildlaget. Her er soleis ikkje noko å klaga yver i den leid. Kagi skal som før berre arbeida med kulturelle og samfundsgagnlege fyremål, men mykje meir vidfarande enn før. No kviler det på kvart einskildlag å taka opp alle arbeidsoppgåvor, kvart lag i si heimbygd, av det slag som kan vera til framhjelp for bygda og ungdomen. Dette gjeld so vel i praktiske som teoretiske tiltak. Dei vil her få sine saker fremja gjennom Noregs Ungdomslag. Dette er det store som er vunne ved at me i dag beinvegs står tilknytt departementet, men som ein heilt sjølvstendig samskipnad.

Uskedalens Ungdomslag, blad 2.

Medlegg ved meldingskjema for laget Dykkar, og set ei freist på tre vikor frå dagsdato for innsending av meldinga. (1942)

Det er vår vilje at laget skal halda fram i arbeidet, um der ikkje vert fleire enn dei sistverande i styret fyrebils. Sidan kjem dei andre med etter kvart.

Skriv elles til oss om alle planar laget arbeider i bygda, og me vil hjelpa til so langt mogeleg både økonomisk og med gode råd.

Er det elles noko De er itvilsmal um, so står me gjerne til tenest.

Med lagshelsing

for

Noregs Ungdomslag

Hagvald Bakke